

REKNESKAPSRAPPORT PR JUNI – JULI 2025

Samandrag/oppsummering:

I behandlinga av 1. tertialrapport 2025 punkt 6 viste kommunestyret til at administrasjonen arbeidar med generelle tiltak for å redusere kostnadene innan sektorane Helse og velferd og Oppvekst, men bad om at det til formannskapsmøtet 04.09.2025 òg blei lagt fram ei liste over konkrete tiltak som kan settast i verk for å betre budsjettbalansen for sektorane som har overskridingar. Administrasjonen har arbeidd med dette i etterkant, men ser at det er krevjande å kome opp med heilt nye store tiltak med verknad på kort sikt. Heile organisasjonen arbeider med økonomistyring til ei kvar tid og snur på kvar krone. Eksempel på dette kan vera at ledige stillingar vert avvikla, endra eller haldne midlertidig ledige, innkjøp vert utsett, eller det vert rett og forsøkt smartare måtar å løysa ting på. Men bufferane i budsjetta er borte og det er vanskeleg å gå fort fram med kutt utan at det kjem i konflikt med lover og avtaleverk.

Vi har tru på at dei tiltaka vi over tid har arbeidd med vil bidra til endra ressursbruk, men dette utviklingsarbeidet krev tid og kapasitet å gjennomføre. Vi ser at mykje av omstillingsarbeidet frå tidlegare år no gir langsiktige og heilårseffektar. Men i ein kommune vil det alltid dukka opp nye utfordringar som må løysast som til dømes demografiske eller sosioøkonomiske forhold. Fokuset på omstilling framover ligg innafor rammeverket «Heilskapleg innsatstrapp», som gjennom å styrke innsatsen på førebygging og dei lågare trinna har som mål å skape berekraftige tenester med omsyn til økonomi og bemanning. Sektorane er i gang med delprosjekt som peikar på tiltak som vil ha økonomisk vinst, men som vil ta noko tid å gjennomføre m.a. som følgje av lov og avtaleverk. Den økonomiske effekten for 2025 vil truleg bli avgrensa. Kommunestyret vil få enkeltsaker innanfor dette til behandling jamleg framover, i tråd med vedtaket frå juni.

På bakgrunn av dette vil kommunedirektøren i 2. tertialrapport 2025 legge fram forslag om endringar i kommunebudsjettet for å finansiere avviket i sektorane i år. Endringane vil omfatte bruk av innsparingar/meirinntekter på andre område (lønsoppgjør, frie inntekter) og endringar i bruk/avsetning til ubunde fond.

Om rapporten:

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent for lønsintensive einingar er ca. 55%. Kolonnen Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventta meir-/eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

Som vedlegg til rapporten følgjer eit notat som utdjupar årsakene til rekneskapsavviket i 2024 knytt til statleg refusjon for ressurskrevjande tenester, ref. vedtak i 1. tertialrapport 2025 punkt 7.

FRIE INNTEKTER

Årsprognose: Frie inntekter ser ut til å få ca. 6 mill. kr i meir-inntekt i 2025.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Skatteinntekter

Skatteinntektene for Bjørnafjorden kommune viser pr juli ein vekst på 12,6% i forhold til same periode i fjor. For kommunane samla er veksten 9,2%. Veksten skuldast både auke i innbetalt forskotstrekk, men og omlegging av inntektssystemet der skattegrunnlaget til kommunane blei endra (utbytteskatten er tatt ut av skattegrunnlaget og formueskatten redusert). Staten har kompensert dette ved å gi kommunane høgare skatteøre. Dette har gitt dei fleste kommunane høgare fordelingstal. Denne delen av veksten var venta og ligg dermed inne i budsjettet for skatteinntekter. I revidert nasjonalbudsjett går det fram at regjeringa venter noko lågare skatteinntekter enn det som blei lagt til grunn i statsbudsjettet. Pårekna skattevekst i prosent frå innkomen skatt i 2024 til 2025 er redusert frå 10,0% i statsbudsjettet til 9,7% i revidert nasjonalbudsjett. Dette vil kunne gje også vår kommune lågare skatteinntekter i år, men prognosane så langt tilseier at vårt budsjett for skatteinntekter vil halde.

Rammetilskot

Stortinget behandla i juni regjeringa sitt framlegg til revidert nasjonalbudsjett 2025. Det er i revidert nasjonalbudsjett gjort relativt store endringar, og dei vil få konsekvensar for økonomien i Bjørnafjorden kommune. Regjeringa viser og til at det er pårekna lågare utgifter til løns- og prisvekst i 2025 (kommunal deflator), og at dette vil styrka kommunesektoren sin økonomi.

Her er ein oversikt over endringane som påverkar kommunen sitt rammetilskot:

Kompensasjon for lågare skatteinntekter

Som nemnt over ventar regjeringa noko lågare skatteinntekter i 2025 enn det som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Delar av dette blir kompensert med auka rammetilskot. Bjørnafjorden kommune får auka sitt rammetilskot med kr 964.000 som følge av dette.

Auka basistilskot for fastlegar

Basistilskotet sin del av finansieringa av fastlegane blir auka frå 01.07.2025.

Bjørnafjorden kommune får auka sitt rammetilskot med kr 1.162.000 som følgje av dette. Kommunedirektøren foreslår at løyvinga blir overført til sektor Helse og velferd.

Ny offentlig AFP (Avtalefesta pensjon)

Kommunane vil få auka utgifter i samband med innføring av ny offentlig AFP for tilsette i kommunesektoren frå 2025. Det er i revidert nasjonalbudsjett utarbeidd oppdaterte overslag over meirkostnader til pensjon, og kommunesektoren sine rammetilskot er auka i samsvar med dette. Bjørnafjorden kommune får auka sitt rammetilskot med kr 17.508.000 som følgje av dette. Kommunedirektøren foreslår at løyvinga blir overført til Fellesområde.

Vaksinasjonsprogram

Det er gjort endringar i systemet for eigenbetaling i vaksinasjonsprogrammet for vaksne. Kommunane vil ikkje lengre bli fakturert for vaksinar bestilt frå Folkehelseinstituttet. Dette vil gje reduserte utgifter for kommunane, og Bjørnafjorden kommune får redusert sitt rammetilskot med kr 270.000 som følgje av dette. Kommunedirektøren foreslår at budsjettramma til Helse og velferd blir redusert tilsvarende.

Redusert foreldrebetaling i barnehage

Maksimal foreldrebetaling blir redusert med kr 800 pr mnd frå 1. august 2025. Dette vil gje reduserte inntekter for kommunane, og regjeringa vil kompensere kommunane for inntektstapet ved å auke rammetilskotet. Bjørnafjorden kommune får auka sitt rammetilskot med kr 5.087.000 som følgje av dette. Kommunedirektøren foreslår at løyvinga blir overført til sektor Oppvekst.

Generell vekst i frie inntekter

Stortinget har vedtatt å styrke kommunane sine frie inntekter med 1,1 mrd. kr gjennom auka rammetilskot. Bjørnafjorden kommune får auka sitt rammetilskot med kr 5.110.000 som følgje av dette.

Oppsummert:

Utgangspunkt rammetilskot 2025:	926 020 000
Økt rammetilskudd pga skatt	964 000
Basistilskot legar:	1 162 000
Ny offentlig AFP:	17 508 000
Vaksinasjonsprogram:	- 270 000
Redusert foreldrebetaling barnehage	5 087 000
Vekst i frie inntekter - rammetilskudd	5 110 000
Sum endringer	29 561 000
Nytt rammetilskudd 2025	955 581 000

Forslag løyvingar:

Fellesutgifter:	17 508 000
Oppvekst:	5 087 000
Helse og velferd:	1 162 000
Helse og velferd:	- 270 000
Sum	23 487 000

Rest/ikkje fordelt: kr 6.074.000

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter består av inntekter frå Havbruksfondet, integreringstilskot for flyktningar og rentekompensasjon frå Husbanken. Det er førebels ikkje noko spesielt å melde her.

FINANS

Årsprognose: Finansområdet er usikkert i 2025.

Rentenivået ligg framleis på eit høgare nivå enn det som blei lagt til grunn i budsjettet. Renteutgiftene vil bli høgare enn budsjettet, men og rente- og finansinntektene ser ut til å bli høgare enn budsjettet. Pr no ser det ut til at desse vil kunne dekke auka renteutgifter. Det vil bli gjort framlegg om budsjettregulering av postane i 2. tertialrapport 2025. Avkastninga på den langsiktige finansporteføljen har svinga ein del i år m.a. som

følgje av auka tollsatsar og frykt for handelskrig. Marknadene har gått bra gjennom sommaren, og pr juli er avkastninga positiv med 6,6 mill. kr.

FELLESOMRÅDE

Årsprognose: Fellesområde kan få innsparing på ca. 11 mill. kr i 2025.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Folkevalde organ ser så langt ut til å gå i balanse.

Fellesutgifter kan få ei innsparing på ca. 11 mill. kr vedr årets lønsoppgjer. Forhandlingane i KS området er ferdig, og det er semje om ei lønsramme på 4,4%. M.a. grunna stort overheng frå 2024 blir meirutgiftene for 2025 lågare enn budsjettert.

Det er i 2025 innført ny offentlig AFP for tilsette i kommunesektoren. Det er i revidert nasjonalbudsjett utarbeidd oppdaterte overslag over meirkostnader til pensjon i 2025, og kommunesektoren sine budsjetttrammer er auka i samsvar med dette. For Bjørnafjorden kommune utgjer beløpet ca. 17,5 mill. kr, omtrent det same som vi rekna som meirutgifter i budsjettarbeidet for 2025 ut frå informasjon frå pensjonsleverandørane på det tidspunktet. Sjølv om fasiten ikkje vil kome før i rekneskapsavslutninga, legg vi til grunn at det tilførte beløpet vil vere tilstrekkeleg.

Det er budsjettert med bruk av nærare 65,8 mill. kr i bruk av premiefond i år. Ettersom 2024 var eit godt år i finansmarknadene fekk pensjonsleverandørane gode resultat, noko som igjen har resultert i at dei har overført store beløp til premiefonda. I år vil såleis kommunen få tilført meir midlar inn på premiefondet enn det vi kjem til å bruke.

Premieavviket i 2024 blei positivt med ca. 35 mill. kr. Beløpet må utgiftsførast i 2025. Kommunen har ikkje eigne fond avsett til å dekke desse utgiftene ettersom avsetninga måtte strykast i samband med rekneskapsavslutninga for 2024. Utgiftene må derfor dekkast av eit ev positivt premieavvik i 2025.

STAB

Årsprognose: Stab ser ut til å gå i balanse i 2025.

Stab består av Sentral leiing, økonomiavdelinga og HR avdelinga, inkl. IT.

Stab ser ut til å gå i balanse i år, ev. kan det bli noko innsparing på grunn av at stillingar har stått ledige i periodar.

OPPVEKST

Årsprognose: Oppvekst rapporterer om eit venta meirforbruk på 18 mill. kr i år.

Oppvekst – fagstab og felles satsingar

Det blir meldt balanse.

Skular

Budsjettrammene på skulane er særst stramme. Det blir varsla meirforbruk på same nivå som i mai, men prognosen på skuleområdet er usikker. Meirforbruk på skuleområdet på 10 millionar er basert på driftsnivået skuleåret 2024/25. Vi vil ha eit betre bilete av situasjonen i 2 tertialrapport. Då er skuleåret 2025/26 i gang.

Forbruksprosent ligg over måltal og dette gjeld for mange skular. Driftsnivået ligg for høgt i høve tildelt ramme. Dette er inkludert vikar/sjukefråvær, elevar med store hjelpebehov og konkrete oppfølgingstiltak i enkelte skular knytt til elevutfordringar.

Vi har nedgang i elevtal skuleåret 2025/26. Vi vil gjere greie for korleis dette vil slå ut i samband med 2 tertial.

Kulturskulen og Vaksenopplæringa meldar balanse. Vaksenopplæringa må vurdere samla drift i samband med reduksjon i mottak av nye flyktningar. Dette vil påverke drifta frå 2026.

Det er sett i verk oppfølgingstiltak for å søke å redusere meirforbruk og snu trenden - sjå avsnittet under (Oppsummering tiltak).

Familiens hus

Familiens hus meldar balanse. Nedanfor er situasjonen i einingane gjort kort greie for:

Barnevernstenester

Barnevernet melder om balanse. Lønsbudsjettet ligg på rett nivå. Driftsbudsjettet er noko høgt pga. nytt fagsystem og at lisensar og husleige er betalt fram i tid.

Institusjonsplasseringar og forsterka fosterheim er kostnadsdrivarane i

Barnevernstenesta. Det er per juli 7 barn på institusjon. For nokre av barna betaler vi høgare andel enn eigenandel. Dette medfører at vi kostnadmessig betaler for ca. 8,5 barn på institusjon. Dei fleste bur langt frå kommunen og det påløper kostnader knytt til reise og opphald for foreldre, søsken og barnevernstenesta sine tilsette ved besøk og

oppfølging. Per 1 september vil vi, ut frå informasjon vi har per i dag, ha 6 ungdommar på institusjon.

Barneverntenesta jobbar kontinuerleg med å finne alternative løysingar saman med andre tenester i Familiens Hus for å unngå flytting på institusjon. Tilflytting til kommunen og utvikling i ungdomskriminalitet/psykisk helse er faktorar som har størst påverknad på behovet for institusjonsplassar. Snitt-alder på plassering på institusjon er ca. 15 år. Det er pr. i dag 3 barn i MST tiltak. Dette er tiltak kring barn med store åtferdsvanskar. Utgifter og tal barn i fosterheim er relativt stabilt. Det er ca. 30 barn i fosterheim. Det blir ei auke i utgifter til fosterheim grunna retten til tenestepensjon for frikjøpte fosterforeldre. Kravet gjeld frå 2026.

Barn, unge og familiar

Eininga driftar i balanse. Eininga ligg på rett nivå på løn. Driftsbudsjettet ligg noko høgt per no på grunn av lisensar mm.

Vi har fått tilskot til utekontakten for 2025, men tilskot er ikkje lengre fullfinansiert. Vi vil klare å fullfinansiere dette innan budsjetttramma til Familiens hus i 2025 (jfr. informasjon i månadsrapport mai).

Førebyggjande helsetenester

Lønsforbruket ligg noko lågare enn budsjett grunna sjukefråvær og vakanse.

Driftsbudsjettet ligg noko høgt mellom anna som følgje av programvarelisens for fagprogrammet Visma HsPro, utgifter til tolketenester, køyre-utgifter m.m. Samla sett driftar eininga i balanse.

Som meldt i tidlegare økonomi rapport har eininga fått innvilga søknad frå Helsedirektoratet for styrking og utvikling av helsestasjon- og skulehelsetenesta for 2025, tilskotet er på kr. 2 555 000 (frå 2 420 000 i 2024). Vi har motteke heile tilskotet frå Helsedirektoratet per juli.

Vi har mottatt refusjonar for jordmortakst t.o.m. juni, her ser det ut som inntekter blir litt høgare enn budsjettet. Dette skuldast høgt fødselstal og dermed fleire konsultasjonar å takste.

Barnehagar

Barnehageområdet samla varslar 8 millionar i meirforbruk grunna auke i tal barnehageplassar og styrkingstiltak for barnehagebarn. Vi meldar same meirforbruk som i mai. I 2 tertial vil vi ha eit godt bilete av korleis barnetalet for barnehageåret 2025/26 vil slå ut på økonomien.

Dei kommunale barnehagane driftar innanfor tildelt budsjett. Budsjetta blir regulert kvart halvår i forhold til tal barnehageplassar i bruk, slik at barnehagane sitt lønsbudsjett samsvarar med gjeldande bemanningsnorm og pedagognorm.

Styrkingstiltak i barnehage:

Auke i tal vedtak om spesialpedagogisk hjelp §31 og auke i nye vedtak §37 tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne fører til eit varsla meirforbruk på 3 000 000 i forhold til styrkingstiltak i barnehagane. I denne summen har vi tatt høgd for barnehagebarn med vedtak som går over i skulen. Vi har per no ikkje full oversikt over korleis nye barn i barnehagen vil påverke desse tala.

Tiltak – Oppvekst

Det blir vist til vedtak i sak 63/2025 der Formannskapet ber om konkrete tiltak til korrigierende tiltak ved meirforbruk. Oppvekstområdet viser til dei same tiltaka som vi har lagt vekt på over tid. Vi har tru på at dette vil bidra til endra ressursbruk, men dette utviklingsarbeidet krev tid og kapasitet å gjennomføre.

Innsatstrappa er eit sentralt utviklingsarbeid for å sjå tenestene i samanheng og sikre at vi løyser oppgåvene så “langt nede i trappa som mogeleg”. Alle tenestene i oppvekst er involvert i dette arbeidet.

Som det kjem fram av økonomirapporten for barnevernstenesta vil vi i september ha færre barn i institusjon enn det vi har hatt tidlegare i år. Det er for tidleg å seie om vi kan klare å halde denne trenden over tid. Vi har arbeida systematisk over tid med mål om å ta ned institusjonsplasseringar. Det krev ressursar i andre delar av organisasjonen for å lukkast med dette.

På skulefeltet er meldt meirforbruk i hovudsak knytt til skuleåret 2024/25. Vi går no inn i eit nytt skuleår og vil i samband med 2 tertial vere meir konkret om kva økonomiske utfordringar vi står overfor. Om ønskeleg kan vi drøfte konkrete utfordringar i skuledrifta i Formannskapet. I tråd med budsjettvedtak har administrasjonen starta arbeidet med utgreiing av skulestruktur der hovudfokus er ei ny vurdering av skulestrukturen i kommunen med målsetjing om å sikra best mogleg ressursbruk, for å møte framtida til beste for barn og unge. Dette arbeidet er førebels i ei tidleg datainnsamlings-fase. Som det kjem fram av budsjettbehandlinga støtta det politiske fleirtalet kommunedirektøren si oppmoding om at ein skal jobba vidare med framtidig skulestruktur, men at dette skal skje utan konkrete innsparingskrav. Det blei og lagt til at arbeidet skal ha fokus på framtidige barnehagestruktur.

På barnehageområdet vil barnetal og konsekvensar for økonomien bli gjort greie for meir konkret i 2 tertial.

Det blir det arbeida med følgjande tiltak - gjeld heile oppvekstområdet:

- Tett dialog med einingsleiarane for å sikre kontroll på drifta. Det er stort fokus på å halde budsjett og kostnader nede i heile organisasjonen. Det har vore redusert kapasitet på Økonomiavdelinga noko som har påverka overordna økonomistyring og rettleiing.
- Gjennomføring av stillingskontroll og behovsanalyse før tilsettingsprosessar
- Sjukefråværsoppfølging i einingane
- Eininga søker om fritak frå arbeidsgjevarperioden for kronisk sjuke
- Det blir arbeida med å hente inn uteståande refusjonar for sjukemeldte
- Innkjøp: kun nødvendig utstyr
- Gjennomføre omstillingsprosessar
- Arbeid i arbeidsmiljøgruppene (AMG)

På skuleområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Konkret gjennomgang med kvar skule som ligg på for høg forbruksprosent i høve budsjett.
- Det er fleire komplekse og samansette vanskar hos elevane og det har vore ei betydeleg auke i behov for ressursar. Skuleeigar har saman med skuleleiingane og aktuelle fagtenester ei grundig gjennomgang av behova og det blir arbeida både på system og individnivå for å finne gode løysingar som og sikrar berekraftig økonomi.
- Gjennomgang i personalgruppa om organisatoriske endringar for å hindre overforbruk

I Familiens hus blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Utvikling av ulike gruppetilbod i Familiens hus med tanke på å nå fleire utan at det blir for ressurskrevjande for organisasjonen.

Barneverntenesta arbeider med følgjande tiltak:

- Det blir jobba aktivt for å redusere tal passeringar i institusjon.
- Vurderer jamleg om tiltak bør avsluttast eller om det er mogeleg å sette inn andre tiltak som er mindre omfattande.
- Vi bruker Familiens Hus, akutt familieråd, MST, privatkjøp av miljøterapeutar som tiltak for å prøve å unngå plisseringar på institusjon. Fleire av tiltaka er dyre tiltak,

men likevel mykje billigare inn institusjonsplasseringar. Barnets beste og forsvarlegheitskrav er styrande.

- Faste møter med forvaltninga og NAV for å jobbe førebyggjande og sjå på løysingar knytt til tiltak til ungdom for å unngå plassering på institusjon.
- Jobbar med tiltak i kommunen slik at det er mogeleg å flytte ungdommar mellom 18-20 år ut frå institusjon og tilbake til kommunen med bustad med oppfølging eller heim til familien om mogeleg.
- Fokus på nettverksplasseringar, nettverksmøter – unngå institusjonsplasseringar og eventuelt flytte i familienettverk.

På barnehageområdet blir det i tillegg arbeida med følgjande tiltak:

- Alle vedtak paragraf 37 skal vurderast saman med paragraf 31 opp mot prinsippet om å gi kvart enkelt baren eit heilskapleg tilbod.
- ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) skal vere del av det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagane.

HELSE OG VELFERD

Årsprognose: Helse og velferd rapporterer om eit venta meirforbruk på ca. 20,5 mill. kr

Det er vanskeleg å halde lønsbudsjettet når høgt sjukefråvær og vanskar med å få tak i nok og kvalifisert personell fører til auke i variabel løn, overtid og innleige av vikarar frå vikarbyrå. Ein aukande brukarmasse og auka brukarbehov er også kostnadsdrivande pga. den lovfesta retten til nødvendig helsehjelp. Alle einingane har tiltak knytt til nærværarbeid og jobbar for å ta ned bruken av overtid. Einingane har fokus på å halde kostnadane nede og gjer individuelle vurderingar om det kan vere forsvarleg å halde stillingar vakante over ei viss tid.

Sommarferieavvikling er krevjande for turnustenestene. I år har ein innført ein ny “sommaravtale” med mål om å sikre fagleg forsvarlege tenester, vedlikehalde kvalitet og kontinuitet, samt å sikre tilgang på ferievikarar. I avtalen ligg insentivordningar for å jobbe ekstra helgetimar, samt bonusavtale for ferievikarar og deltidstilsette som bind seg til å jobbe full tid i minimum fem samanhengande veker. Basert på tidlegare års prognoser så aukar variable lønskostnader i denne perioden. Korleis dette totalt sett vil slå ut på den økonomiske prognosen er usikkert. Ein vil kome tilbake til dette i 2 tertial rapport.

Kommunen er varsla ei justering av timepris for BPA tenester frå 01.04.25 med ei auke på 21,85 kr pr time. Dette vil føre til eit forventa meirforbruk i løpet av året, men må sjåast i

samanheng med tilskot for ressurskrevjande tenester. Det er pr no ikkje varsla eit forventa meirforbruk i avdeling forvaltning og koordinering. Ein vil kome tilbake til dette i 2 tertial rapport.

Som tidlegare varsla har fleire av einingane ein høg forbruksprosent. Vi ser det no naudsynt å varsle om eit forventa meirforbruk ved Luranetunet bu og behandlingstenester, heimetenesta Os og i Nav.

Ein har tru på at ein gjennom dimensjoneringsprosjekta i heimetenesta og institusjon skal kunne snu meirforbruket ved at man mellom anna sikrar at pasientar får meir målretta oppfølging basert på individuelle behov i tilpassa avdeling. I heimetenesta ser ein ei auke i vedtak på heimetenester og heimehjelp.

Nav har eit forventa meirforbruk knytt til kvalifiseringsordninga . Ein ser og at eininga ligger høgt på sosialstønad til flyktningar.

Overforbruket er oppsummert i kulepunkta og nærare forklart under dei aktuelle einingane:

- Legevakt og legetenester: kr 1,5 mill.
- Nav 2 mill.
- FBBS og heimetenester Eikelandssosen: kr 5 mill.
- Luranetunet bu og behandlingstenester kr 7 mill.
- Heimetenesta OS kr 5 mill.

Fagstab og felles satsingar

Forventa meirforbruk tidlegare rapportert på fellesområdet på 13.000.000 kr er tatt ut av prognosen Jf. kommunestyrevedtak sak 62/2025 pkt. 5. der kommunestyret vedtek å bruke av disposisjons-fond til å dekke avvik mellom budsjett og rekneskap vedr statleg tilskot for ressurskrevjande tenester.

Forvaltning, koordinering og bustadkontor

Pr juli ligg forvaltninga innanfor måltal. Det er likevel nokre obs-punkt i høve til årsprognosen:

- Omsorgsstønad og avlasting aukar og vil kunna gje eit meirforbruk i løpet av året. Tenestene er den mest kostnadseffektive måten å dekkja behova på.
- Timeprisen på BPA er endra pr 01.04 2025
- Dagsenterskyss er levert av eksterne leverandørar og overstig budsjettramma. Frå 1.7. skal skyssen til og frå kommunale dagsenter gå i eigen regi og til ein lågare kostnad.

Legevakt og legetenester

Legetenester, sjukeheimslegar, Eikelandssosen legesenter og Osøyro legesenter ventar ei drift i balanse. Legevakta melder om eit estimert meirforbruk på kr 1,5 mill. i 2025.

Overforbruket skuldast i hovudsak ustabil drift ved legevaktstasjonen i Eikelandssosen.

Dette har samanheng med følgjande:

- Personalendringar: To nordsjølegar sa opp stillingane sine i løpet av 2024. Fastlegar har seks månaders oppseiingstid, og det tek tid frå tilsetjing til ein normal driftssituasjon. Nye legar var på plass november 2024 og mars 2025. I mellomtida har det vore behov for vikarlege frå januar til mars 2025, noko som har medført auka utgifter.
- Bruk av legebil sjåfør: Når nye eller ukjende legar har vakt åleine, er det nødvendig med legebil sjåfør for å sikra trygg og effektiv uttrykking. Det har vore utfordrande å rekruttere vikarlegar utan tilbod om legebil sjåfør. I tillegg har nye nordsjølegar fått støtte av legebil sjåfør på dei første vaktene for å gjera seg kjent i kommunen og få ein god start. Dette tiltaket er ikkje budsjettert.
- Utsett etablering av ny fastlegeheimel: På grunn av mangel på stabil legedekning har vi ikkje hatt moglegheit til å etablere den nye fastlegeheimelen som vart vedteken for Eikelandssosen. Det har vore viktig å sikre forsvarleg og ryddig drift før oppstart. Heimelen er etablert og vil vere i drift frå 01.09.25. Forseinka oppstart fører til tapte inntekter, og det tek tid å byggja opp ei fastlegeliste med 500 innbyggjarar.

NAV

Kvalifiseringsprogrammet er ein viktig del av Nav si verktøykasse, og har gode resultat for personar som står langt frå arbeidslivet. Nav har i juli mnd fleire deltakarar i kvalifiseringsprogrammet enn budsjettert, noko som førar til eit forventa meirforbruk. Ein ser og at sosialhjelps kostnadane til flyktningar aukar.

Tilrettelagte tenester

Eininga siktar seg inn mot ein årsrekneskap i balanse, sjølv med kjent auke i tenestene. Kjem det store, nye brukarbehov utover dette, kan prognosen endra seg. Eininga har måtta ta i bruk bemanningsbyrå og overtid for å levere forsvarlege tenester på austsida av kommunen, og det er mogleg at bemanningsbyrå vil vere i bruk gjennom heile året.

Psykisk helse og rustenester

Eininga ventar balanse når året er omme som resultat av iverksette tiltak. Ein ser ei auke i vedtak til ambulante tenester, men prøver å løyse dette innanfor eksisterande rammar. Kan føre til auka ventetid på igangsetting av tenester. Ein ser og ei auke i lønskostnader i samband med ferieavvikling.

Luranetunet

Meldar om eit forventa meirforbruk. Det er fleire utviklingstrekk som påverkar økonomien. Individuelle og samansette brukarbehov utfordrar grunnbemanninga. Ein ser ei auke i bruk av overtid, ekstrahjelp pga. auka brukarbehov, vikar frå byrå for å sikre forsvarleg drift på natt og auka utgifter til medisinsk forbruksmateriell. Ein ser og ei auke i lønskostnader i samband med ferieavvikling.

Heimetenester Os

Eininga ligger høgt på lønsutgifter. Dette har ei samanheng med ferieavvikling, sjukefråvær og ei auke i vedtak kring heimeteneste og heimehjelp.

Fusa Bu og Behandlingssenter (FBBS) og heimetenester Eikelandsosen

Eininga melder om eit venta overforbruk på kr 5 mill. pga. av høgt sjukefråvær, rekrutteringsvanskar og bruk av vikarar frå byrå. Høgt sjukefråvær har ført til overforbruk og oppbemanning kring enkeltpasientar for å sikre forsvarleg teneste. Innleige frå byrå har vore nytta både på natt, inne på FBBS og ute i heimetenesta for å sikra rett kompetanse. I tillegg har eininga nytta overtid og forskyving av vakter for å sikre drift på helg.

Eininga har 13 ledige helgestillingar ved FBBS og to ledige helgestillingar i heimetenesta. Mange unge vil ikkje binde seg til faste helger, men ønskjer å jobba som tilkallingsvikar, noko som er til stor ulempe for drifta.

Tiltak Helse og velferd

Det blir vist til vedtak i sak 63/25 der formannskapet ber om konkrete tiltak for korrigerande tiltak ved meirforbruk. Sektoren visar til tiltak som har vært jobba med over tid og der fleire av tiltaka er eller vil bli realisert i løpet av året.

Sektoren har gjennom mange år jobba med tiltak med mål om å ta ned kostnadane. Sektoren har tatt ned førebyggjande stillingar som ikkje er lov-pålagte, omorganisert tenester og tatt ned bemanningsfaktor i alle turnustenester. Slik som situasjonen no er,

så er det ingen ting å gå på bemanningsmessig. Eit resultat av dette er at ein til ein kvar tid er på minimumsbemanning og må ta inn vikar frå første fråværsdag. Dette får konsekvensar for variable lønnskostnader som vi ser aukar i heile sektoren. Innsatstrappa er eit sentralt utviklingsarbeid der formålet er å hensynta vekst i behov og redusere kostnadsnivået utan at det går ut over kvalitet. Dette med mål om å sikre berekraftige tenester for framtida. Eit arbeid som involverer alle helse og velferdstenestene.

Sektoren er godt igang med delprosjekt i samband med utviklinga av heilskapleg innsatstrapp. Det er identifisert tiltak som vil gi effekt i løpet av første tertial i 2026. Dette gjeld mellom anna tiltak på natt der ein skal sjå på organisering opp mot bruk av digitalt tilsyn og organisering av sjukepleiarar i team.

Det er krevjande å komme opp med nye tiltak som vil ha effekt inneverande år. Mange av tiltaka som ein er igang med tar tid å realisere med mål om økonomisk effekt. Dette då det mellom anna handlar om tilsette som skal i omstilling da dei får endra arbeidstilhøve jf. lov og avtaleverk, samt interne omorganiseringsprosessar som krevjar brei involvering.

Ved FBBS er drifta allereie redusert på bakgrunn av høgt sjukefråvær og store rekrutteringsutfordringar som førar til for mange vakante stillingar. Dette for å kunne oppretthalde forsvarleg drift. Ein vidareføring av dette tiltaket ut året kan gi effekt på allereie varsla meirforbruk.

I dimensjoneringsprosjektet for institusjon jobbast det etter anbefalingar basert på analysegrunnlaget utarbeida av Agenda Kaupang. Anbefalingane viser til viktigheita av å auke antal korttids plassar for at innbyggjarane skal kunne meiste å bu lengst mogleg heime. Kommunestyret vil få sak til handsaming 30 okt. vedr dimensjonering av institusjonstenestene.

For alle einingane blir det jobba med

- Tett dialog og månadlege møter mellom kommunalsjef, einingsleiar og økonomiavdelinga.
- Gjennomføring av stillingskontroll og behovsanalysar før tilsetjingsprosess.
- Fokus på nærværarbeid og sjukefråværsoppfølging

Forvaltning og koordinering

Halde frem med arbeidet med å ha tett samarbeid med tenestene for å finne gode kostnadseffektive løysningar på ny saker og ha fokus på hyppige evaluering av eksisterande tiltak.

Legevakt og legetenester

- Bruk av legebil sjåfør for den siste nordsjølegen ved vaktstasjonen i Eikelihoodsosen vert avslutta sommaren 2025.
- Ny fastlegeheimel i Eikelihoodsosen vert oppretta i juni 2025 og satt i drift frå 1 sep.
- Legetenesta har identifisert aktuelle innsparingstiltak og er i gang med å gjennomføra desse.

NAV

Det vert jobba kontinuerleg med å redusere kostnader til økonomisk sosialhjelp. Det er innført nye rutinar for krisehjelp, noko som har redusert utgifter med 150 000,-. Vi har gjennom godt tverrfagleg samarbeid med andre kommunale tenester også redusert utgifter til mellombels bustad med 500 000,-. I august er tiltaket Levekårskontakt etablert. Dette tiltaket skal jobbe tverrfagleg med barnefamiliar og vanskelegstilte på bustadmarknaden og ein forventa gevinst av dette er at fleire bur betre og med mindre behov for kostnadsdrivande korttidsløysingar. Å få fleire inn i kvalifiseringsprogram vil og påverke kostnad til økonomisk sosialhjelp. Kvalifiseringsprogrammet vil og bidra til kortare stønadsbehov og fleire inkludert i arbeidsliv. Vi prioriterer tett oppfølging av flyktningar med mål om at færre skal gå ut av introduksjonsprogram og til sosialstønad som hovudinntekt.

Tilrettelagte tenester

Avdelingane jobbar målretta med å minimere bruken av vikarar og bruk av overtid. Overtidsbruken har gått ned, sjølv med store utfordringar med rekruttering i Bjørnafjorden aust. Det vert også gjort mykje godt arbeid i avdelingane for auka nærvær.

Psykisk helse og rus

Desse tiltaka er sett i verk for å tilpassa drifta til dei økonomiske rammene og sikre ein rekneskap i balanse:

- Omfordeling av personalressursar internt i eininga
- Vurdering av vakante stillingar om dei kan stå ledig ei tid
- Systematisk gjennomgang av vedtak
- Oppstart av nye turnusplanar for å sikre tenestemottakarane sine behov og gode arbeidsvilkår for dei tilsette
- Auka samarbeid med andre einingar i sektoren for meir effektiv ressursbruk
- Nærværarbeid

Luranetunet

Tiltak for å redusera bruk av overtid og driftsutgifter:

- Månadlege økonomimøte mellom avdelingsleiarar og økonomirådgjevar. Einingsleiar er med på møta for avdelingar med størst bruk av overtid.
- Kvar avdeling har laga ein plan med tiltak for å halda bruk av overtid på lågast mogleg nivå
- Plan for å kjøpe berre nødvendig medisinsk forbruksmateriell
- Betre styring av mat-innkjøpa
- Korrekt bruk av ressursbemanning
- Bruk av E-helse og andre løysingar på natt for å minke behov for sjukepleiar frå vikarbyrå

Heimetenester Os

Tiltak for å redusere utgifter:

- Faste samarbeidsmøte med økonomirådgjevar
- Fokus på å redusere overtidsbruk
- Redusere ressursbemanning
- Overta køyring til dagsentera sjølv
- Organisering og dimensjonering av heimetenestene

Fusa Bu- og Behandlingssenter (FBBS) og Heimetenester Eikelandssosen

- Redusert drifta ved Fbbs. Stengt 6 plassar + ØHD senga frå medio mai. Status pr juli er at det har gitt ønska effekt og sikra eit forsvarleg arbeidsmiljø og drift gjennom ferieavviklinga. Har vore behov for innleige av 2 vikarar frå byrå gjennom sommaren for å sikre fagkompetanse på natt.
- Vakante stillingar og ressursstillingar er lyst ut. Rekrutteringsprosess i gang og tilsett i nokre av stillingane.
- Litt effekt av sommaravtalen, men flest ufaglærte ferievikarar.
- Hatt bistand frå OU-avdelinga som har vore inne i avdelingar og undervist i endring og omstilling.
- NAV arbeidslivssenter har vore kopla på 2 avdelingar. Oppstart i ny avdeling frå hausten.
- Prosess er starte med utarbeiding av nye turnusar, oppgåvekartlegging og utarbeiding av nye bemanningsplanar.
- Er i prosess for omorganisering av heimetenesta.

Forventar å sjå effekt av tiltaka utover hausten 2025, og jobbar mot å redusere innleie frå vikarbyrå gjennom rekruttering i vakante stillingar.

SAMFUNNSUTVIKLING

Årsprognose: Samfunnsutvikling vil truleg gå i balanse i 2025.

Samfunnsutvikling har i år eit stramt budsjett der små justeringar gjev store verknader.

Totalt sett er prognosen at samfunnsutvikling vil gå i balanse 2025.

Fagstab og Fellesutgifter sparer litt inn på lønnskostnader, samt har nokre ekstra leigeinntekter, men dette går til å dekke ekstraavgifter til Bildelingen.

Prosjekteininga har særleg lite driftsmidlar, og delar av lønnskostnadene blir seinare flytta til prosjekta eller fakturerte i etterkant. Forbruksprosenten er såleis noko høg.

Innan Plan og Byggesak er det usikkerheit rundt inntektene på plansaker. Pr. juli er inntektene bak budsjett. Dette kan endre seg ut over hausten, men det er ein viss risiko for at området kan få eit meirforbruk som følg av dette. Landbrukskontoret held balansen så langt.

På Kultureininga har støttekontakttenesta hatt eit meirforbruk, og vedtak som alt er gjorde gir mindre dekning også dette året, sjølv om reduksjonen i bemanning er løyst. Brann- og redningstenesta har hatt utfordringar knytte til sjølvkostområdet for feiing og tilsyn. Gebyret er auka med om lag 20% for å få balanse mellom inntekter og utgifter, samstundes som tenesta ser på nye tiltak for å redusere kostnader. Innsparingskravet frå Omstilling 25 krev endringar i samarbeidsavtalar og intern overføring av kostnader ved unødige alarmer i kommunale bygg. Så langt i 2025 er det usikkert om ein klarer å oppnå 1 million i innsparing på dette, slik som innsparingskravet forutsetter. Skifte til sky levering av ressursstyringssystemet medfører ekstra driftsutgifter som må dekkjast innanfor ramma dersom dei ikkje blir kompenserte.

På Eigedom Drift ligg det førebels an til lågare kostnader til straum, forsikringar og reinhald, sjølv om reinhaldsavtalen har hatt ny anbudsrunde i år. Motsett veg ser ein at renovasjonskostnadene stig på grunn av nye avgifter og utvida kjeldesortering. Arbeidet med å setje i stand tilfluktsrom går føre seg, og to av romma blir ferdige innan året er omme.

Samferdsle er i rute økonomisk, men vêrsituasjonen i november/desember vil avgjere korleis året blir økonomisk.

For Vatn og Avløp er renta på femårige SWAP-avtalar høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Det gir høgare kalkulatoriske renter, slik at desse sjølvkostområda ligg an til å gå med underskot i 2025. Dette blir balansert mot dei kalkulatoriske finanspostane, slik at nettoeffekten for sektoren blir nøytral.

Innbyggarservice ventar å halde budsjettet i 2025.

Trass i usikkerheita rundt renteutvikling, gebyrnivå og effektiviseringskrav viser sektoren god styring: balansen blir i hovudsak halde, kostnader blir flytta der dei høyrer heime, og nye inntektskjelder og innsparingstiltak er sette i verk for å møte dei økonomiske rammene.